

## 110 NYE SYKLAR TIL UNGDOMSKULE-ELEVAR I MALI

No i oktober 2016 var 110 nye syklar på plass i Tambaga ungdomskule og Kokofata ungdomskule i Mali i forbindelse med oppstart av nytt skuleår, som i Mali er i byrjinga av oktober.

Syklane er gitt av innsamla midler der meste-parten blei samla inn av Fiskå skole.

Sykkelprosjektet har vist seg å bli ein stor suksess i Tambaga og no har vi også byrja i nabokommunen Kokofata som har etter-spurt dette lenge! Denne gongen g jekk nær 70 syklar til Tambaga og 40 syklar til Kokofata. Avstanden mellom I ungdomskulen og landsbyane er enno eit hakk lenger i Kokofata.


I Tambaga har Norsahel fokusert på at jenter skal få sykkel og i løpet av dei 3 åra prosjektet har gitt syklar har andel jenter på ungdomskulen auka frå 20-33 %!! I eit formelt brev datert 24.10. frå rektor ved ungdomskulen i Tambaga til Fiskå skule og til Nissedal seier han at sykkelprosjektet har ført til mykje bra for skulen og dei ynskjer sterkt fortsettelse og at fleire skal få syklar.

Sjå kart over dei ulike kommunane og avstandar på våre nettsider. Sjå også regelverket for sykkelprosjektet på [www.norsahel.no/sykkel/](http://www.norsahel.no/sykkel/)

## MØTTE EN STOR HELT I DAKAR

Mari Innerdal er med i NorSahel si ekspertgruppe og er ein engasjert ung nyuttanna lege som ynskjer å arbeide med Mali. Ho ynskjer å forske på nyfødtomsorg i Mali. Mari var med til Dakar Senegal i sommar og møtte maliske legar og andre på eit seminar NorSahel arrangerte der for nyfødtprosjektet. På ein blogg ein finn på Norsahel.no fortel ho om sine opplevingar og møtet med ein stor helt ho har hatt i fleire år. Her er eit lite utdrag(resten finn ein på nettsida):

«Kort oppsummert er vi i flytsonen: Engasjementet er fortsatt skyhøyt, samarbeidet stadig bedre og ambisjonene stadig høyere. Takk til alle som har støttet oss og gjort dette



Mari Innerdal er ivrig klatrar, i tillegg til å ha eit stort engasjement for Mali og nyfødtomsorg der

# TUSEN TAKK NISSEDAL!

## Nissedal kommune gir 50 000 til NorSahel

På sitt kommunestyremøte den 24.11. vedtok Nissedal kommunestyret å bevilge 50 000 til NorSahel. Vi takker Nissedal kommune for denne rause gåva!

## MALI-kveld samla mange og stor giverglede!

Mali-kvelden 11 november samla godt over 100 i Treungen og blei veldig vellukka. Mange frivillige deltok! Harald Valle og Vibeke Homme stod for flott underhaldning ! Men mest blei kvelden det den blei grunna Nissedals-koret som må reknaast som svært gode ambassadørar for NorSahel! På kvelden blei det samla inn 21 000 til prosjekt i Mali! I tillegg overrekte Nissedal Ungdomskule v. elevrådsleiar ein sjekk på 12 000 til skule-sykkel prosjektet i Tambaga!

## Gi årets julegåve til Mali!

GIVERKONTO: 2801.32.59889

VIPPS: 15556 el søk Norsahel

Ein ny skule-sykkel: 600 kr (merk sykkel)

HBB utstyr for ei jordmor i Mali: 900kr (merk nyfødd)

Du kan og bli fast giver eller gje ei gåve til arbeidet vårt.



15556  
Vipps

by DNB



# NY LOGO OG NETTSIDE

NorSahel har i haust fått ny logo og nye nettsider! Og det er mykje takka vere frivillig innsats frå vår nye styremedlem Tahani Siddik Berge som har leia dette arbeidet og stått for mesteparten av designet og oppsettet. Ho har lagt ned ein stor innsats i dette.

Med seg har ho også hatt Anne Thorild Omland, som har bistått Tahani i arbeidet. Om valet av den nye logoen og symbolikken siterer vi frå nettsida: «NorSahel sin nye logo, baobabtree, symboliserer kunnskap, liv og bærekraft.

I Mali finnes baobabtrær som er 2000 år gamle. De er kraftige og robuste, og trosser sårbarheten som påføres dem i et klima med motsetningsfylte, men sammennevde fenomener som tørke og flom.

Vi i NorSahel ønsker å være med på å bygge varige strukturer for læring både innen grunnskole og helsefag i en sårbar livssituasjon med usikkerhet knyttet til både klimaendringer, sikkerhetssituasjon og fattigdom.

# NORSahel



NYHETSBREV  
JUL 2016

# NORSAHEL HAR BEGYNT ARBEID I NYTT HELSEDISTRIKT I MALI


No i haust har NorSahel i samarbeid med partnerar i Mali byrja arbeidet i eit nytt helsedistrikt! Helsedistriket heiter Banamba og ligg i Koulikoro regionen, sjå kart.

Distriktet har til saman 226 947 i nabyggjarar og tel 18 helsetasjonar og 29 fødestuer. Planen er at NorSahel skal arbeide i heile distriktet med HBB 2 metoden.

Forut for opplæringane er det no satt i gang eit forskings program, under leiing av stadleg representant Etienne og stipendiat Marthe Eielsen.

Banamba er eit helsedistrikt som vi har sett på lenge fordi behova er store her for betre nyfødd helse. Distriktet er eit typisk «ruralt» område som består av mykje landsbygdområder.

Lege og øvste leiar frå Banamba helsedistrikt, Youba Kouli, var på opplæring i Dakar i juli 16 og uttrykte stor glede over at NorSahel vil arbeide i distriktet hans!



## Trygghet for ditt bidrag

Dette er slagordet til Innsamlingskontrollen som NorSahel er stolt medlem av, nettopp for å sikre ditt bidrag. Årets julekampanje frå Innsamlingskontrollen er:

*Bruk hjertet og hodet når du gir.*  
Personar som gir har også rett til å angre!

Les meir på:  
[www.innsamlingskontrollen.no](http://www.innsamlingskontrollen.no)



15556

vipps

by DNB



NYHETSBREV  
JUL 2016